



MØTEPROTOKOLL

For ekstraordinær generalforsamling i Jondalstunnelen AS tysdag 6. februar 2018 kl 1300.
Møtestad: Fylkesbygget i Bergen.

Fylgjande saker er til handsaming:

1. Konstituering av Generalforsamling.
Opning ved styreleiar Toralv Mikkelsen.
Registrering av frammøtte aksjonærar.
2. Val av møteleiar.
3. Val av person til å skriva protokoll.
4. Val av person til å medunderskriva protokollen.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Søknad om å få justera ned bompengeretakstane i Jondalstunnelen.

Sak 01/18 Opning/registrering.

Fylgjande aksjonerar møtte:

- Hordaland fylke, 52 %, representert ved Pål Kårbø .
- Odda kommune, 12 %, ved Linda Haugland Jondahl
- Kvinnherad kommune, 12 %, møtte ikkje.
- Jondal kommune, 12 %, ved Jon Larsgard.
- Kvam herad, 12 %, ved Jostein Ljones.

88% av aksjonerane var til stades og generalforsamlinga vart lovleg sett.

Sak 02/18 Val av møteleiar.

Vedtak:

Toralv Mikkelsen samrøystes vald.

Sak 03/18 Val av person til å skriva protokoll.

Vedtak:

John Skogseth samr. vald.

Sak 04/18 Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.

Vedtak:

Jon Larsgard og Pål Kårbø samrøystes valde.

T.L P.K
JF.

Sak 05/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Vedtak:

Innkalling og dagsorden samr. godkjent.

Sak 06/18. Søknad om å justera ned bompengeretakstane for Jondalstunnelen.

Jondalstunnelen opna for trafikk 7. september 2012. Stortinget har gitt Jondalstunnelen AS løyve til å krevja inn bompengar i 15 år, dvs til 7. september 2027. Takstane har vore kr 100 for liten bil og kr 200 for stor bil frå starten av. I samband med utarbeidning av finansieringsplan for Jondalstunnelen vart trafikken i opningsåret stipulert til 360 ÅDT, men i trafikkprognosane for Jondalstunnelen var det ikkje teke høgde for den sterke trafikkveksten sambandet har fått på kort tid. I 2017 hadde Jondalstunnelen ein trafikk på 575 ÅDT.

Styret for Jondalstunnelen såg tidleg at inntektene vart så store at gjelda ville bli nedbetalt på kortare tid enn 15 år og bad Kommunalbanken om ein nedbetalingsplan på 10 år. Etter denne skal bompengelånet vera nedbetalt i desember 2023. Styret har også inngått ein 10 års rentesikringsavtale (SWAP) med DNB Markets. Denne vert også avskrivne til 0 i 2023.

Slik det ser ut ved utgangen av 2017 vil Jondalstunnelen kunna vera gjeldfri i 2020 dersom dagens takstar og /eller takstane utrekna etter prinsippa i den nye bompengereforma vert gjort gjeldande i fortsetjinga.

Jondalstunnelen AS skal overtakast av Sørvest bompengeselskap (Ferde) i løpet av 2018. Dei nye takstane pga bompengereforma betyr ein merkbar auke for lokale brukarar.

Jondalstunnelen AS søkte staten ved Vegdirektoratet om å få komma med i ordninga stortinget har vedteke om tilskot til reduserte bompengar utanfor dei største byområda. Dette vart avslege.

Styret for Jondalstunnelen AS har vidare teke opp problemet med den rasfarlege vegparsellen på Fv 107 mellom Nordrepollen og Austrepollen, med eigarkommunane og fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har under arbeid og kostar eit forprosjekt, men å få utgreidd eit rassikringsprosjekt på denne strekninga tilstrekkeleg vil ta litt tid, men fram mot 2023 bør ein kunna få fram eit vedtaksgrunnlag.

På bakgrunn av dei forholda det er orientert om ovanfor har styret teke opp spørsmålet om å søkja om å redusera takstane i Jondalstunnelen for liten og stor bil, slik at Jondalstunnelen AS kan vera gjeldfri i desember 2023. Styreleiar vurderer den formelle sida av saka slik at ei ekstraordinær generalforsamling må godta at det vert sendt ein slik søknad. Utkast til søknad er under utarbeidning i samarbeid med Statens vegvesen.

Godkjenner generalforsamlinga at søknaden kan sendast, går søknaden til lokal vurdering i kommunane og fylket. Etter lokal handsaming går søknaden til vegdirektoratet som gjer vedtak.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga for Jondalstunnelen AS godkjenner at det vert søkt om reduksjon av bompengeretakstane i Jondalstunnelen slik det er gjort greie for i saka.

Framlegg frå fylkeskommunen ved Pål Kårbø:

Generalforsamlinga i Jondalstunnelen AS ber om at styret arbeider vidare med ei vurdering av ein takstredusjon som særleg prioriterer lokale storbrukarar i prosjektet.

H. P. K.
P. K.

Avstemning:

Styret sitt framlegg fekk kommunane sine stemmer, 36 %, og fall.
Framlegget frå fylkeskommunen vart deretter samrøystes vedteke

Vedtak:

Generalforsamlinga i Jondalstunnelen AS ber om at styret arbeider vidare med ei vurdering av
ein takstredusjon som særleg prioriterer lokale storbrukarar i prosjektet.



Toralf Mikkelsen
-styreleiar-



Jon Larsgard



Pål Kårbo